



FLAGGREGLEMENT FOR TIME KOMMUNE

Vedtatt av kommunestyret 17.06.2026 i KS-039/26

§ 1 Lov og reglement

Dette reglementet bygger på lov om Norges Flag av 10. desember 1898, lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger av 29. juni 1933, forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget av 21. oktober 1927 og forskrift om fremmed flagg på kommunal bygning av 6. juni 1933.

§ 2 Nasjonalflagget

Flagging i følge dette reglementet, gjeld bruk av det norske flagget utan splitt og tunge, heretter kalla nasjonalflagget, på eller ved kommunen sine offentlege bygningar og eigedomar, eller bygningar og eigedomar som i hovudsak vert brukt av kommunale institusjonar og verksemder.

§ 3 Andre flagg

Det kan i tillegg til nasjonalflagget flaggast med:

- a. kommuneflagget.
- b. det samiske flagg på samisk nasjonaldag.
- c. regnbogeflagget på dagen for det årlege pride-arrangement i kommunen. Regnbogeflagget symboliserer mangfald og inkludering.
- d. andre land sine flagg på flaggstong ved sida av det norske nasjonalflagget.

Bruk av desse flagga skal skje i tråd med dette reglementet.

§ 4 Flagging

4.1 På alle offisielle flaggstenger skal det flaggast:

- a. på offisielle flaggdagar etter § 4 i flaggforskrifta.
- b. på valdagen for kommune- og fylkestingsval.
- c. dersom det er gitt nasjonale føringar om dette.

4.2 På rådhuset kan det i tillegg flaggast:

- a. med kommuneflagget ved kommunestyremøter.
- b. med det samiske flagg på samisk nasjonaldag 6. februar.
- c. med nasjonalflagget på FN-dagen 24. oktober.
- d. med nasjonalflagget på den internasjonale kvinnetdagen 8. mars.
- e. med regnbogeflagget på dagen for det årlege pride-arrangement i kommunen. Dersom det i staden vert arrangert felles pride-markering på Jæren, kan det flaggast sjølv om arrangement finn stad i ein av nabokommunane. Ansvar for flagging ligg til arrangør og skal avtalast på førehand.

4.3 På skulane kan det i tillegg flaggast:

- a. med nasjonalflagget på første skuledag, eksamensdagar og avslutning for sjuande og tiande trinn.
- b. med regnbogeflagg på dagen for det årlege pride-arrangement i kommunen. Dersom det i staden vert arrangert felles pride-markering på Jæren, kan det flaggast sjølv om arrangement finn stad i ein av nabokommunane. Ansvar for flagging ligg til arrangør og skal avtalast på førehand.

4.4 Det kan flaggast med nasjonalflagget ved andre høgtidelege og festlege høve og markeringar innan nasjonen, kongehuset eller kommunen, som til dømes ved offisielle besøk frå medlemar av kongehuset eller utanlandske statsoverhovud. Det kan også flaggast med andre land sine flagg på flaggstong ved sida av det norske nasjonalflagget ved høve der det er naturleg som æresbevising. Andre land sine flagg skal ved slike høve ikkje få ein meir framstående plass enn det norske flagget. Avgjersle om flagging etter § 4 d vert gjort av ordførar og på dei flaggstenger det er naturleg.

§ 5 Flagging på halv stong

5.1 Det kan flaggast på halv stong ved gravferda til:

- a. noverande representantar i kommunestyret på rådhusets si flaggstong.
- b. tidlegare ordførarar på rådhuset si flaggstong.
- c. noverande tilsette på tenestestaden der vedkomande var tilsett.
- d. noverande elevar på skulen der eleven gjekk.

5.2 Det skal òg flaggast på halv stong dersom det er gitt nasjonale føringar om dette, eller dersom det på grunn av andre særskilde omstende er naturleg å flagge på halv stong. Sistnemnde vert gjort etter avgjersle frå ordførar.

§ 6 Gjennomføring av flagging

Flagget vert heist på stang på taket, frå sida av bygningen eller på frittstående stang. Heising skjer uoppfordra og utan spesiell tilkalling på dei offisielle flaggdagane som nemnd i § 4.

Flagging kan utgå ved sterk vind eller vêrforhold som kan medføre skade på utstyr eller fare for personar. Kommunedirektøren er delegert mynde til å vedta rutinar for den praktiske gjennomføringa av flagging.

§ 7 Tidspunkt for flagging

Flagga vert i månadane frå mars til og med oktober heist frå kl. 08.00, resten av året frå kl. 09.00. Flagga tas ned ved solnedgang, men ikkje seinare enn kl. 21.00.

Kommuneflagget kan brukast ved kommunen sine bygningar og offentlege plassar utan dei tidsavgrensingar som er nemnd her.

§ 8 Offisielle flaggstenger

Flaggstenger ved følgende kommunale bygg er rekna som offisielle etter dette reglementet:

- Bryneheimen
- Bryne skule
- Bryne ungdomsskule
- Frøyland skule
- Frøyland ungdomsskule
- Hognestad skule
- Kvernaland omsorgssenter
- Lye skule
- Lye ungdomsskule
- Rosseland skule
- Rådhuset
- Sivdamsenteret / Sivdamheimen
- Undheim skule
- Vardheia ungdomsskule

§ 9 Andre flaggstenger

Kommunen har i tillegg til dei offisielle flaggstengene, andre flaggstenger som ikkje vert vurdert som offisielle. Dette er flaggstenger som vert brukt ved ulike arrangement, og der det kan flaggast med flagg relevant for arrangementet. All bruk av desse flaggstengene skal godkjennast av kommunedirektøren.